



Arvid Edgar Eik
Totlandsvegen 472 C
5226 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6086 - 23/32108

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
27.04.2023

Avslutta sak om ulovleg tilfelle - gbnr 422/6, 26 m.fl Rikstad

Oppfølging av det ulovlege tilfellet som gjeld oppgradering av veg utført i 2017 vert avslutta frå kommunen si side.

Saka har ein historikk som går langt tilbake i tid. Ulovlighetsoppfølginga gjeld ulovleg utført oppgradering av veg over fleire eigedommar med tilkomst til tiltakshavar si hytte. Det er gjennom tidlegare sakshandsaming og i rettsystemet avklart at arbeidet var søknadspliktig og utført utan samtykke frå alle grunneigarar.

I den privatrettslege handsaminga vart det ikkje gitt pålegg om tilbakeføring, men bestemt at tiltakshavar måtte gje oppreisning for det utførte arbeidet. Det privatrettslege er soleis avklart. Spørsmålet er kor vidt kommunen fortsatt skal krevje tiltaket retta og tilbakeført.

Miljø & tilsyn var på synfaring på staden den 25.04.23. På synfaringa vart dei faktiske tilhøva på staden dokumentert.

Etter ei konkret vurdering har kommunen beslutta å avstå frå vidare forfølging av det ulovlege tilfellet. Slik tiltaket framstår i dag har kommunen andre saker som bør prioriterast høgare enn dette ulovlege tilfellet.

Tiltakshavar har gjennom oppfølginga til kommunen betalt tvangsmulkt som er høgare enn storleiken på eit eventuelt lovbrotsgebyr. Vi finn det difor ikkje naudsynt å gjere vedtak om ytterlegare gebyr i saka.

Avslutning av saka betyr ikkje at tiltaket har blitt legalisert, men at kommunen avstår frå vidare forfølging av arbeidet med oppgradering av veg som vart gjort i 2017. Kommunen si vurdering om å avstå frå vidare oppfølging av saka er ikkje eit enkeltvedtak og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arvid Edgar Eik

Totlandsvegen 472 C

5226

NESTTUN